

## Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring 2008 – 2012 for Haram vidaregåande skule

### Utviklingsområde: **ELEV- OG LÆRLINGEDELTAING**

<b>Utviklingsmål:</b> Lærestaden skal sikre elevane deltaking i:	<b>Utviklingstiltak:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• eige læringsarbeid</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulen skal ha ein struktur og ei organisering som mogleggjer og legg til rette for auka deltaking i eige læringsarbeid:</li> <li>- Timeplan med tilpassa lengd på læringsøktene (2 timar, heil skuledagar, fleire dagar)</li> <li>- Arbeidsmåtar med variasjon i metodar/aktiv læring (prosjektarbeid, ungdomsbedrift, case, Storyline, utplassering etc.),</li> <li>- Planstrukturar som elevane kan påverke/jobbe med - tid til planlegging (basistid/kontaktid), tid til eigenstyrt læringsarbeid (studietid), samarbeidstid lærar-elev (kontaktid/studietid)</li> <li>- Skulen/lærarane sine plikter og elevane sine rettar i høve opplæringa må bli kjent og forstått og vere grunnlag for praksis (jfr. Opplæringslova, føresegner og skulen sitt ordensreglement)</li> <li>- Gjennomføre kartlegging (diagnostiske testar) og opplæring om læringsstrategiar/studieteknikk</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulen skal syte for auka elevdeltakinga i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa:                         <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Gi informasjon og kunnskap om læreplanar, grunnleggande dugleikar etc., og karakter-/vurderingssystem</li> <li>2) Nytte planleggingsvekty som terminplanar, arbeidsplanar, etc.</li> <li>3) Elevane får vere aktivt med i planlegginga av opplæringa i dei ulike fag</li> <li>4) Ha gode tilbakemeldingsrutinar, både frå elevar (grupper og individuelt) til lærarar, og motsett, frå lærarar til elevar (utviklingssamtaler, elevsamtaler, undervegsvurderingar)</li> </ol> </li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• eige og gruppa sitt arbeids- og læringsmiljø (jf. §9A i Opplæringslova)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulen skal ha eit tilbakemeldingssystem der einskild-elevar og elevgrupper får melde ifrå/seie si meining om skulen sitt arbeids- og læringsmiljø (fysisk og psyko-sosialt)</li> <li>- Tilbakemeldinga kan skje gjennom:                         <ol style="list-style-type: none"> <li>1 )det representative system: tillitselev/elevråd, eller skulemiljøutval, arbeidsmiljøutval, skuleutval</li> <li>2) møte mellom elevar og kontaktlærar (utviklingssamtale, elevsamtale), eller mellom elevråd og skuleleiinga</li> <li>3) elevane si deltaking i skulen sine vernerundar</li> <li>4) kartlegging som t.d. elevundersøkinga (nettbasert)</li> <li>5) felles informasjonsmøte for elevar og lærarar/tilsette</li> </ol> </li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• skulen sine råds- og styringsorgan</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulen har som mål å få opp interessa for og deltaking i skulen sitt demokratiske styringssystem (elevråd, skulemiljøutval, arbeidsmiljøutval, skuleutval),</li> <li>- Elevane skal kjenne deltakinga og arbeidet som meiningsfull og sjå resultat (ikkje frustrasjonar)</li> <li>- Det må vurderast om det kan settast av tid til dette arbeidet, som (helst) ikkje kolliderer med læringsarbeidet elles</li> <li>- Det skal ordnast betre overgangar mellom gamalt og nytt skuleåret (det gamle elevrådet fungerer til nyval i september)</li> <li>- Det skal haldast felles møte mellom skuleleiinga og elevråd/elevrådsstyre</li> <li>- Det skal haldast informasjonsmøte mellom elevråd og tilsette</li> <li>- Arbeidet i styre og råd bør honorerast/synleggjerast som t.d., tilføyning på vitnemål eller eigne attestar.</li> </ul>

## Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring 2008 – 2012 for Haram vidaregåande skule

### Utviklingsområde: **ELEV- OG LÆRLINGEVURDERING**

<b>Utviklingsmål:</b> Lærestaden skal:	<b>Utviklingstiltak:</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• som del av undervegsvurderinga, ha eit system for tilbakemelding og rettleiing til elevane. Vurderinga skal fremje læring og gi grunnlag for tilpassa opplæring</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen skal ha ei opplæring der elevane er aktive og delaktige, og som er i samsvar med måla for faget og dei grunnleggande prinsippa for opplæringa.</li><li>- Eleven skal få ei vurdering utan karakter i form av ei beskrivande vurdering av korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga.</li><li>- Eleven skal kunne delta i vurderinga av sitt eige arbeid</li><li>- Lærar skal jamnleg ha dialog med eleven om den faglege utviklinga</li><li>- Elev-vurderinga skal vere grunnlag for utvikling og gi rettleiing for planlegginga av det vidare læringsarbeidet</li><li>- Kontaktlærar skal minimum kvart halvår gjennomføre ei samtale med eleven</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• ha eit system for sluttvurdering som sikrar at elevane får vist eige meistringsnivå</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen skal legge til rette for at Fronter vert aktivt nytta i vurderingsarbeidet</li><li>- Til grunn for sluttvurderinga skal det ligge ein læreplananalyse, gjennomført i fellesskap i dei ulike fagseksjonar, med semje om krav for dei ulike karakter-/meistringsnivå</li><li>- Det skal vere samsvar mellom opplæringa og arbeidsmåtar gjennom skuleåret og eksamensform i faget for fastsetting av sluttkompetanse.</li><li>- Karakteren skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har oppnådd på det tidspunktet karakteren blir fastsett.</li></ul>

## Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring 2008 – 2012 for Haram vidaregåande skule

### Utviklingsområde: **ARBEIDSMILJØ OG KOMPETANSEUTVIKLING**

<b>Utviklingsmål:</b> Lærestaden skal:	<b>Utviklingstiltak:</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• på grunnlag av kompetansebehov ha utarbeidd kompetanseplanar for den enkelte tilsette</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen vil, på grunnlag av sitt kompetansebehov, legge til rette for at tilsette med ”smal” kompetanse kan få høve til kompetansopåfyll</li><li>- Skulen vil, på grunnlag av framtidige kompetansebehov, leggje til rette for at tilsette kan få høve til kompetansopåfyll for å møte framtidige utfordringar</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• organisere opplæringsverksemda og gjennomføre kompetanseutviklingsarbeidet på ein slik måte at det pedagogiske personalet sine arbeidsvilkår og arbeidsmiljø blir fremja/tatt vare på på ein god måte</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen skal ha ei organisering av skulekvardagen (dag, veke, år) som gir den einskilde tilsett høve til, så vel individuell og fagleg fordjuping, som fagleg/tverrfagleg samarbeid med kollegaer</li><li>- Skulen skal leggje til rette for gode arbeidsforhold på individuell arbeidsplass og ulike samarbeidsarenaer</li><li>- Skulen skal leggje til rette for å oppretthalde og vidareutvikle lærarane sin kompetanse gjennom;<ol style="list-style-type: none"><li>1) å organisere opplæringa/arbeidstida slik at det vert gitt tid og rom for kompetanseutvikling, både individuelt og ved samarbeid i seksjonar/team på skulen (ein lærande skule)</li><li>2) å nytte eksterne tilbod for kortare eller lengre tid – samla eller som kursrekker (jf. kulepkt. 5 under)</li></ol></li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• syte for at det pedagogiske personale i det daglege arbeidet får lære av kvarandre gjennom samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa og for utvikling av eigen og kollektiv pedagogisk praksis.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Innanfor arbeidstidsordninga og opplæringa sine rammer, skal det settast av tid til samarbeid og kompetanseutvikling</li><li>- Tid pr. veke til dette skal utvidast, og innplasserast slik at det gir betre rom for samarbeid.</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• legge til rette for deltaking i arbeid i faglege nettverk på fylkesnivå</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Det bør vere eit godt samarbeid med overordna nivå (fylke), slik at deltaking i nettverksarbeidet kan meldast og samordnast i god tid</li><li>- Skulen vil oppretthalde praksis med ansvarlige nettverkskontaktar til dei ulike nettverka, og leggje til rette for aktiv deltaking på nettverksmøta</li><li>- Sikre gode rutiner for spreieing av materiell frå fagnettverka</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• legge til rette for fagleg kompetanseutvikling og stette individuelle behov for oppdatering og kompetanseheving</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen vil legge til rette for at den formelle kompetansen til den enkelte tilsett kjem på plass, t.d. PPU</li><li>- Skulen vil stimulere og motivere våre tilsette til å møte dei nye kompetansebehov i den vidaregåande skulen, t.d. karriererettleiing</li><li>- Skulen skal vidare leggje til rette for faglege kurs, erfaringsutveksling, utplasseringar og eventuelle jobb-byte, etc.</li></ul>

## Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring 2008 – 2012 for Haram vidaregåande skule

### Utviklingsområde: **HEILSKAP OG SAMANHENG I DEN 13-ÅRIGE GRUNNOPPLÆRINGA**

Utviklingsmål: Lærestaden skal:	Utviklingstiltak:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha eit system for samarbeid med ungdomsskulen gjennom programfag til val</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvide dagens samarbeid ved å opprette samarbeidsforum for grunnskular og Haram vgs, på ulike nivå, innanfor ulike område (rådgjevarar, rektorar, fagnettverk)</li> <li>- Vidareføre opplegget for programfag til val, organisering, opplegg og innhald som vi gjennomførte i forrige skuleår.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha rutinar som legg til rette for ein god overgang frå opplæring i skule til opplæring i bedrift for elevar innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gi tilbod om alternative og fleksible opplæringsløp med bruk av næringslivet/arbeidslivet som alternative opplæringsarenaer</li> <li>- Ha eit framhaldande godt samarbeid med Opplæringskontoret i Haram; - informasjon, lærekontrakter og utplasseringar</li> <li>- Gi faget <i>prosjekt til fordjuping</i> ei god organisering ved å nytte aktiv læring, med utstrakt bruk av utplassering i næringslivet/arbeidslivet</li> <li>- La <u>alle</u> elevane innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram gjennomføre eit lærekontraktintervju (jobb-intervju)</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ha eit system for samarbeid med lokalsamfunnet/arbeidslivet som læringsarena</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Det omfattande samarbeidet med lokalsamfunnet/arbeidslivet om opplæringa som skulen allereie har, kan formaliserast meir</li> <li>- Innarbeide gode rutinar for overføring av erfaring og kunnskap internt i kollegiet, både innan fagseksjonar og på tvers av fagseksjonar</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• ved systematisk karriererettleiing støtte elevane gjennom grunnopplæring og over til vidare utdanning og yrke</li> </ul>	<p>Skulen skal arbeide aktivt med yrkesorientering og karriererettleiing gjennom;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- programfag til val, jfr. kulepkt. 1 i utviklingsområdet <i>Heilskap og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa</i></li> <li>- prosjekt til fordjuping (yrkesfaglege utd.program)</li> <li>- yrkesmessa og informasjonsarbeidet elles</li> <li>- å gi rådgjevar og kontaktlærarar auka kompetanse og rom for karriererettleiingsarbeidet (coaching).</li> </ul>

## Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring 2008 – 2012 for Haram vidaregåande skule

### Utviklingsområde: **VAL OG BRUK AV LÆREMIDDEL**

<b>Utviklingsmål:</b> Lærestaden skal:	<b>Utviklingstiltak:</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• legge til rette for variasjon i bruken av læremiddel og læringsarena som ledd i arbeidet med tilpassa opplæring</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- gjere læreplan-analyse til ein fast rutine;<ol style="list-style-type: none"><li>1) ved førstegongsval av læremiddel/nettressursar</li><li>2) ved evaluering av valde læreverk/nettressursar i høve til gjennomført opplæringsløp og dei krav som er med tanke på grunnleggande dugleikar, metodar, teknologi/nettbruk og differensierte-/tilpassa opplæringsopplegg.</li><li>3) ved ev. skifte av læreverk</li></ol></li><li>- lokalt utarbeidde læreplanar (prosjekt til fordjuping) må og omfattast av læreplananalyse-ordninga og kvalitetssikrast rutinemessig</li><li>- gi skulebiblioteket eit uvida ansvar i opplæringa når det gjeld bruk av læremiddel og hjelpemiddel</li><li>- gi skulebiblioteket eit utvida ansvar som læringsarena, ved val av litteratur/fagbøker og som tilretteleggar av bruk av biblioteket som læringsarena</li><li>- gi bibliotekaren ein rolle/posisjon med høve til deltaking i planlegging av faglege opplegg, t.d. ved prosjektarbeid</li><li>- syte for god tilgang til audi-visuelle læremiddel, klassesett etc.</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• sikre pedagogisk bruk av digitale læremiddel</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- sikre at skulen har god digital infrastruktur slik at elevane får god tilgang til nettet over heile skulen</li><li>- sikre at lærarar får nødvendig opplæring for å kunne nytte dei digitale læremidla</li><li>- sikre at elevane får nødvendig grunnopplæring for å nytte dei digitale læremidla</li><li>- sikre så langt råd, at dei digitale læremidla først og fremst vert brukt pedagogisk framfor å verte eit uroande element</li><li>- ha ei reserveløysing, om enkelte elevar i periodar står utan PC, t.d service, etc.</li><li>- opprette eiga ressursgruppe på skulen med kunnskap om digitale læremiddel (for evaluering av system, kome med forslag om justeringar/endingar, ev. kurs/opplæring)</li></ul>

Brattvåg 8. juni 2008

---

Tormod Strand  
Utdanningsforbundet

---

Torbjørn Volstad  
NITO

---

Håvard Garshol  
Ass.rektor

---

Jan Magne Helland  
Konst.rektor

## **Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring 2008 – 2012 for Haram vidaregåande skule**